

## Til deg på ungdomstrinnet

*Du kan klage på standpunktkarakterane du får på ungdomsskulen, dersom du meiner at reglane for å sette standpunktkarakter ikkje er følgde. Dei fleste standpunktkarakterane får du på slutten av 10.trinn. I nokre fag kan du få standpunktkarakter tidlegare, slik som i valfag og mat og helse.*

### **Kva er ein standpunktkarakter?**

Ein standpunktkarakter er den avsluttande karakteren du får i faget. Standpunktkarakteren skal vise den samla kompetansen du har i faget. Det er standpunktkarakteren som kjem til å stå på vitnemålet ditt frå ungdomsskulen.

### **Dersom du ønskjer å klage på standpunktkarakter:**

- Du sender klage på standpunktkarakteren til skulen din.
- Fristen for å klage er ti dagar.
- Dersom du ønskjer å få ei grunngjeving for kvifor du har fått den karakteren du har fått, kan du be om dette før du klagar. Du får ein ny frist for å klage ti dagar etter at du fekk grunngjevinga.
- Klagen må vere skriftleg og underskriven av deg og/eller foreldra dine. Er du under 15 år, må foreldra samtykke til klagen.
- Skriv gjerne litt om kvifor du klagar.
- Klagebehandlinga kan føre til at karakteren blir ståande, at karakteren blir sett opp eller at karakteren blir sett ned.

### **Kva gjer Statsforvaltaren i saka?**

Dersom du klagar på standpunktkarakteren, vil Statsforvaltaren sjå på om skulen har følgd reglane som gjeld for fastsetting av standpunktkarakter.

Du finn meir informasjon om dette på våre nettsider ([www.statsforvalteren.no/vestland/](http://www.statsforvalteren.no/vestland/)) og nettsidene til Utdanningsdirektoratet ([www.udir.no](http://www.udir.no)).

Med venleg helsing  
Statsforvaltaren i Vestland